

Handtering av biopsiar

Fiksering

Biopsien må leggest i 4 % formaldehydløysing (formalin) umiddelbart. For god fiksering er det viktig at ein nyttar minst 10 gonger meir fikseringsvæske enn volumet på biopsien. Glasa bør vere minst tre kvart fulle slik at biopsien vert liggande våt under transport.

Val av prøveglas

Diameteren på prøveglasa må vere stor nok slik at biopsen flyt fritt. Dersom ein må trykke biopsien ned i glaset er glaset for lite. I slike høve vert biopsien dårleg fiksert og deformert og morfologien vert vanskeleg å vurdere.

Hugs å merke prøveglas både med namn, personnummer på pasient og lokalisasjon, evt med tydeleg nummerering som motsvarer nummerering på remissa.

Døme på prøveglas:



Storleik

Små stansebiopsiar er vanskeleg å orientere i laboratoriet. I verste fall kan ein skjære bort epidermis og det vert umogeleg å stille diagnose. Stansebiopsiar under 3 mm i diameter bør difor unngåast. Unntaket er særlege høve som krev at biopsien må vere liten.

Sist oppdatert 23.03.2017. Tonje B Riste